

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Fylkeseldrerådet i Hordaland</b>
<b>Møtestad:</b>	Sunnhordland, 4. etasje, Fylkeshuset
<b>Dato:</b>	01.06.2017
<b>Tid:</b>	09:30

### Program

- Kl. 09:30 – 10:00 Orientering frå Skyss, v/ Målfrid Vik Sønstabø (leiar avdeling Trafikktilbud) og Hanne Alver Krum (leiar Skyss marked.)  
a) Papirlause rutetabellar og infobrosjyren: Får bussane og båtane påfyll av brosjyren?  
b) Servicelinjenettet i Bergen
- Kl. 10:00 – 10:30 Orientering frå Kommunikasjonsseksjonen v/ Hilde Joranger Mæland, seksjonsleiar.  
- Korleis kan Fylkeseldrerådet profilere seg på intranettet i HFK/heimesida ?
- Kl. 10:30 – 10:40 Pause
- Kl. 10:40 – 12:00 Saksbehandling
- Kl. 12:00 – 12:30 Lunsj
- Kl. 12:30 - Saksbehandling

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall) eller sende melding til [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no).

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fylkeseldrerådet i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Kåre Ystanes  
utvalsleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 15/17	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 16/17	Godkjenning av sakliste		
PS 17/17	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 18/17	Referatsak (meldingar)		
RS 9/17	Opplæring i teiknspråk i dei vidaregåande skulena i Hordaland fylkeskommune	2017/2682	
RS 10/17	Orientering om status for rekneskapen/budsjett pr. 31.05.2017	2017/2682	
RS 11/17	Oppsummering av Landsmøte for eldreråda i Ålesund den 22.- 24. mai 2017	2017/2682	
PS 19/17	Fylkeskommunen sitt arbeid med tannhelse	2017/2682	
PS 20/17	Forslag til tema på Eldrerådskonferansen 2017, konferansen for dei kommunale eldreråda	2017/2682	
PS 21/17	Ymse		

**PS 15/17 Godkjenning av møteinnkalling**

**PS 16/17 Godkjenning av sakliste**

**PS 17/17 Godkjenning av møtebok forrige møte**

**PS 18/17 Referatsak (meldingar)**

**Notat**Dato: 18.05.2017  
Arkivsak: 2017/2682-14  
Saksbehandlar: mernord

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Opplæring i teiknspråk i dei vidaregåande skulene i Hordaland fylkeskommune**

En knutepunktskole tilbyr opplæring tilrettelagt for døve og tunghørte elever med ulike behov. Elevene er tatt inn ved ett av skolens studietilbud, eller på studietilbud ved samarbeidsskole i nærområdet, og undervisningen gis i klasser med vanlig størrelse eller i mindre grupper.

Eit eksempel på ei knutepunktskule i den vidaregåande skulen i Hordaland fylkeskommune, er Nordahl Grieg vidaregåande skole. Nordahl Grieg vidaregåande skole samarbeider mellom anna med nær skulene Slåtthaug, Stend og Sandsli vidaregåande skole.

Som ei ressurskole tilbyr Nordahl Grieg vidaregåande skule undervisning som er spesielt godt tilrettelagt for døve og tunghørte.

Dei har:

- god akustikk i alle rom
- teleslynge i auditorier og skoletorg
- FM-anlegg og lydutfjevning i mange klasserom
- tegnspråktolker med høy kompetanse i tolking av fag på vidaregåande nivå
- videokonferanseutstyr og annen teknologi som støtter undervisning av hørselshemmede
- mange lærere med erfaring fra undervisning i knutepunktskolen
- mange ansatte som kan kommunisere på tegnspråk
- kontinuerlig kursing av ansatte

Målet er at alle i knutepunktskolen skal få tilrettelagt undervisningen slik at elevene ikkje sitt att med ubrukte evner. Nordahl Grieg skal vere ledende på teknologisk, forskningsbasert og entreprenøriell læring og undervisning. Ein trur denne satsinga kjem knutepunktelevane til gode og kan gi de et forsprang i vidare studier eller i arbeid.

Bur ein utanfor Bergen eller nærområda, og har teiknspråk som sitt førstespråk (jfr. §3.9 Opplæringsloven) kan du søke om plass i botilbudet til knutepunktskolen. Knutepunktsskulene ivaretek rettighetene til opplæring i og på tegnspråk i eit teiknspråklig miljø (Opplæringslova § 3-9). Tilbudet til tegnspråklige elever er opplæring i egne grupper med tegnspråkkyndige lærere og/eller bruk av tolk.

**Notat**

Dato: 18.05.2017  
Arkivsak: 2017/2682-15  
Saksbehandlar: mernord

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Orientering om status for rekneskapen/budsjett pr. 31.05.2017**

Leiar / sekretær vil gjere greie for status i rekneskap og budsjett for fylkeseldrerådet pr. 31.05.2017, i møte den 01.06.2017..

**Notat**

Dato: 16.05.2017  
Arkivsak: 2017/2682-12  
Saksbehandlar: mernord

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Oppsummering av Landsmøtet for eldreråda i Ålesund den 22.- 24. mai 2017**

Fylkeseldrerådet inklusiv sekretær, har i tidsrommet den 22. – 24. mai 2017 vore på Landsmøte i Ålesund.

Det var tre hovudtema på konferansen:

Tema 1: Folketalsutviklinga

Tema 2: Digitalisering – konsekvensar for eldre

Tema 3: Eldre som ressurs i offentleg og frivillig verksemd.

Fylkeseldrerådet i Hordaland har hatt 2 innlegg på dag 2 av konferansen, under tittelen «Norge rundt»:

Hordaland: NAV – digitalisering

Hordaland: Diskriminering av eldre – og eldre som usynleg samfunnsressurs

Fylkeseldrerådet vil i møte den 01.06.2017 ha ein oppfølging av Landskonferansen i Ålesund den 22.-24.mai 2017.



Arkivnr: 2017/2682-13

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	19/17	01.06.2017

### Fylkeskommunen sitt arbeid med tannhelse

#### Samandrag

Leiar har tidligare orientert om denne saka i møte den 30.03.17, i sak RS 8/17. Fylkeseldrerådet i Hordaland ber om at organiseringa av tannhelsetenesta vert oppretthaldt, slik tenesta er organisert idag.

Leiar vil og ta opp denne saka på Landsmøtet for elderråda i Ålesund den 22.-24. mai. Han har skrevet ein uttale i denne saka, som vil bli lest opp på landsmøtet.

Uttalen følgjer vedlagt.

Det har og vore sendt ein uttale frå Fylkeseldrerådet til Fylkestannlegen i Hordaland, angående organiseringa av tannhelsetenesta. RS sak 24/17 i utval for opplæring og helse den 09.05.17.

Saka vert og tatt opp på møtet i fylkeseldrerådet den 01.06.17 med tanke på ein eventuell utvikling i saka etter landsmøtet den 22.- 24. mai 2017.

#### Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet ber om at ordninga med tannhelsetenesta må oppretthaldast slik ho er organisert idag og vil arbeide vidare med denne saka.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## OM TANNHELSE

Fylkeseldrerådet i Hordaland oppmodar fylkestannlegen om at tannhelsetenester kjem inn under dei same reglane som gjeld for helsetenester ellers, med det som gjeld for eigenandelar ellers i helsesystemet.

Vi ber om at ordninga med tannhelsetenesta må oppretthaldast slik ho framstår som i dag.

Og talet på tannklinikkar knytt til sjukeheimar og andre institusjonar ikkje må verta reduserte. Og vi ber om at ambulerande tannklinikkar må dra rundt på sjukeheimar slik at bebuarane ikkje må dra lange vegar for å koma til næraste tannklinikk. Det treng ikkje vera meir enn ein ambulerande tannklinikk, men den må kunne nå over heile fylkeskommunen.

Fylkeseldreråda på Vestlandet; Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, samla til møte 6. april 2017, uttalar uro over den framlagde proposisjonen med nye oppgåver til kommunane og forslaget om at kommunane skal overta tannhelsetenesta.

Etter å ha vore på felles studietur i Ålborg, ser fylkeseldreråda nytten av at det er tilgjengeleg lokalt tannhelsetilbod som til dømes kan ambulere i heimar for å enkel konsultasjon med vurdering av tannhelsestatus, tilby behandling i klinikk, og gje veiledning om å førebyggje tannhelseproblem.

Fylkeseldreråda vil likevel átvara mot at ansvaret for tannhelsetenesta blir flytta til den einskilde kommune. Det er truleg få kommunar som er robuste nok til å sikre eit kvalifisert og forsvarleg tilbod. Det kan bli ulikskap i helsetilbodet og tilgjenge av særleg behandling for utsette grupper, kan bli forringa.

Fylkeseldreråda på Vestlandet ber om at organiseringa av tannhelsetenesta vert vurderet grundig, og at ein tek alle problemstillingar i betraktning.





Arkivnr: 2017/2682-11  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	20/17	01.06.2017

### **Forslag til tema på Eldrerådskonferansen 2017, konferansen for dei kommunale eldreråda**

#### **Samandrag**

Eldrerådskonferansen for dei kommunale eldreråda i Hordaland 2017 er fastsett til den 7. – 8. november 2017.

Konferansen er under planlegging. Sekretariatet ber om tilbod frå aktuelle avtalehotell for arrangementet av konferansen. Sekretariatet førespør fylkesordførar om å opne konferansen den 7. november 2017.

På møtet den 01.06.17 vert medlemmane av fylkeseldrerådet bedt om å kome med forslag til tema for konferansen.

Tema som er føreslått på AU-møtet den 03.05.2017:

- Tannhelse
- Temaplan: Likeverd i Hordaland fylkeskommune
- Hjelpemiddelsentralen.

#### **Forslag til vedtak**

Fylkeseldrerådet vil fremje forslag til tema for eldrerådskonferansen 2017.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**PS 21/17 Ymse**